



Det Kongelige Justis-og politidep.
Lovavdelingen

FORSKRIFT TIL DEN NYE VERGEMÅLSLOVEN.

Hordaland krins av Norges Kvinne-og familieforbund var samla til årsmøte 7.-8.mai 2011, og sender fylgjande uttale i anledning de nye forskriftene til Vergemålsloven.

Nå når Overformynderiet skal "profesjonaliserast" er det viktig å ha brukaren i sentrum. Overformynderiet har mange brukarar med ulike behov. Storparten av sakene i overmynderia i kommunane er kurante saker kor det er spørsmål om kjøp av sykkel/ få moped/ bilsertifikat og ellers kvardagsting. Dette er enkle saker som kan avgjerast nærast mogleg brukaren, og med kortast mogleg sakshandsamingstid.

Det er kanskje ikkje alltid nødvendig at "hjelpeverge" og "verge" er fagpersonar med juridisk bakgrunn, men personar med kjennskap til brukaren og miljøet.

I kompliserte saker kan det vera ein fordel med profesjonell hjelp, og det er det høve til i dag.

Mange av dei som er under Overformynderiet, er sårbare, og kan finna det vanskeleg å reisa/ ringa til Fylkesmannens kontor, for råd og rettleiing. Det kan ofte vera vanskeleg nok å gå i rådhuset i heimekommunen.

Det viktigaste er at kvardagen vert enklast mogleg for dei som treng å vera under Overformynderiet.

Ved utarbeiding av forskriftene til lova er det viktig at fokuset er:

- Brukaren i sentrum.
- Kort handsamingstid / nærleik til brukar.
- Og at det er brukaren sine pengar som skal disponerast på ein fornuftig måte, til beste for eigaren.

Ved å overføra sakshandsaming til Fylkesmannsembetet, er årsmøtet redd for at avstanden mellom sakshandsamer og brukar vert større, og handsamingstida lengre.

5630 Strandebarm 9.mai 2011

Med vennlig hilsen
Norges Kvinne-og familieforbund, Hordaland
Torill Handal, krinsleiar
e-post: torillhandal@gmail.com